



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 18.12.2017  
Vår ref.: 2016/4225-17  
Saksbehandlar: kjeomar  
Dykkar ref.:

Att. Rolf Raknes

## Fråsegn til kommunedelplan for Bø, Radøy - Bøvågen plansak 12602016000100

Vi viser til brev datert 13.11.2017 om offentleg høyring og ettersyn for Kommunedelplan for Bø, Radøy kommune. Vi viser også til vår fråsegn til oppstart av arbeid med planprogram for kommunedelplan for Bø datert 19.04.2016. Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for ny busetnad og utvikling av Bø som tettstad.

Hordaland fylkeskommune har vurdert kommunedelplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Kommunedelplanen har som mål å samkøyre den eksisterande plansituasjonen i Bøvågen. Hordaland fylkeskommune er positive til at kommunen ønskjer å gjennomgå og eventuelt utfasa eldre reguleringsplanar, gjennom å utarbeide ein heilskapleg plan for Bø. Planskildringa kunne med fordel inneheldt informasjon som i større grad synleggjer grunngevingar for dei vala som er blitt gjort. Særleg saknar fylkeskommunen ein meir utfyllande forklaring for korleis kommunen har vurdert at planforslaget ikkje er konsekvensutgreiingspliktig.

#### Areal og transport

Det er viktig at kommunen bygger opp om ein struktur som gjer det enkelt å ta seg fram til viktige målpunkt med buss, sykkel eller gange. Hordaland fylkeskommune er positive til at planskildringa løftar gange og sykkel i planområdet som eit viktig tiltak for å stimulera til auka fysisk aktivitet, mindre biltrafikk og betre klima og støytilhøve.

Hordaland fylkeskommune minner om Regional areal- og transportplan for bergensområdet (2017-2028) som vart vedteke i fylkestinget juli 2017. RATP inneheld retningslinjer som er retningsgivande for Radøy kommune sin kommunale planlegging, og må inngå i lista over aktuelle fylkesplanar i planskildringa. Regional areal- og transportplan for bergensområdet leggje til rette for ei differensiert arealforvaltning for å balansere behovet for fortetting og ivaretaking av viktige arealverdiar. Vi vurderer at føremålet med å utvikle Bø som tettstad er i tråd med retningsline 3.3 i RATP som seier at «*utanfor dei regionale vekstsonene kan det bli lagt til rette for utbygging for å oppretthalde gode tettstader og levande lokalsamfunn*». Fylkeskommunen meiner at dette må ses i samanheng med Retningsline 4.3 i RATP som seier at «*utanfor regionale vekstsoner skal det takast særleg omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kultur-miljø og friluftsliv*». For Radøy kommune inneberer dette at kommunen i hovudsak bør prioritera utbygging i lokale vekstsonar kring kommunesenteret Manger og definerte lokalsenter i kommuneplanen, og då helst i form av

fortetting og utbygging som utnyttar ledig kapasitet i sosial og teknisk infrastruktur. Planer opne for fortetting innanfor dei eksisterande bustadområde B01, B02, B05, B06, B07, B08, B09 og B12-B17.

B03, B04, B10 og B11 er nye bustadområder og utgjør totalt 83 daa. I vår fråsegn til oppstart datert 14.09.2016 oppmoda vi kommunen til sjå på den forventa demografiske utviklinga i kommunen som heilhet i arbeidet med KDP for Bø og andre planprosessar i kommunen som gjensidig vil kunne påverka kvarandre. Vi kan ikkje sjå at dette er utført. Dette gjer det vanskeleg å gi ein heilskapleg vurdering av områda som er sett av til nye bustader i KDP for Bø. Hordaland fylkeskommune minner om retningsline 4.3 i RATP som seie at høg arealutnytting og nedbygging av store arealverdiar utanfor regionale vekstsoner vil vere i strid med regionale føringar. Vi minner også om retningsline 5.1 i RATP som seier at kommunane bør ha ein bustadreserve i samsvar med befolkningsprognosar for minst 12 år, og maksimum 20 år.

#### Senter- og tettstadutvikling

Planarbeidet legg vekt på å stimulere til utvikling og revitalisering av Bø som tettstad. Område B03, B04, B10 og B11 og fleire av dei eksisterande bustadområda ligg relativt nært sentrum med gode høve for å leggja til rette for gange og sykkel. Hordaland fylkeskommune viser til Retningsline 5.4 i RATP: «*Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og til kollektivstopp*». Vi oppmodar kommunen å innarbeide desse krava i gjennom eigne føresegner. Hordaland fylkeskommune viser også til retningsline 7.1 i RATP, om at kommunen skal ha rekkjefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang- og sykkel og kollektivtransport.

Hordaland fylkeskommune er positive til at kommunen gjennom planføresegnene sikrar at bygningar i sentrum skal vere publikumsretta på gateplan, og at det leggst vekt på å utarbeide gode uterom for ålmenta og tilgjengeleggjing av strandlina. Kommunen har vurdert å etablera miljøgate for trafikken i gjennom sentrum. Vi vurderar dette som eit fornuftig tiltak som vil bidra til auka trivsel i sentrum for gåande og syklende.

#### Senterstruktur- og handel

Hordaland fylkeskommune arbeidar aktivt for å styrke kvaliteten ved byar og tettstader som vitale handelsstader og gode, trygge og vakre møtestader for kulturelt og sosialt samvær. Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) definerer ein hierarkisk senterstruktur med fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. I tråd med retningslinje 1.1 bør tettstaden Bø sin status i denne hierarkiske strukturen definerast i planskildringa.

Gjennom dei generelle føresegnene 2.1 stillast det krav til regulering før gjennomføringa av transformasjonstiltak i områda SE01-06 som er satt av til nærings-, industri- og sentrumsområde.

Hordaland fylkeskommune er positive til at planen i tråd med Regional plan for attraktive senter i Hordaland har definert sentrumsutstrekning, men saknar ei tydelegare drøfting og grunngjeving for den aktuelle avgrensinga.

#### Samferdsel

Fylkesveg 409 går gjennom planområdet. Fylkesvegen er av varierende standard og gjennom ei kommunedelplan vil vegstrekket vere sikra ein heilskapleg standard.

I planskildringa kjem det fram at det er lagt opp 2 køyrefelt og ein vegbredde på 6 meter på fylkesvegen. I tillegg er det berekna areal til fortau på 2,5 meter. Vi har ikkje merknader til denne vegstandarden, men vi kan ikkje sjå at dette er detaljer som er følgt opp i vedlagte plankart. Plankartet manglar viktige detaljer som indikerer plassering av fortau og kollektivhaldeplass. Her er heller ikkje sett nokon avstandsmål for bredde, byggegrensar og liknande. Dette er ein mangel som må følgjast opp slik at det kjem tydeleg fram korleis areal er tenkt disponert. Skyss har forøvrig meldt at dagens snusløyfe ved barneskolen fungerer godt og at planprosessen vidare må legge opp til å behalde eksisterande løysingar

ved opprusting av fylkesvegen.

Trafikksikre løysingar for alle trafikantgrupper må prioriterast høgt, og særleg gjeld dette dei som går og sykklar. Risikoen for trafikkulykker aukar sterkt med aukande tal på avkjørsler. I følge Statens Vegvesen utgjør ulykker direkte knytt til avkjørsler mellom 15-20 % av alle trafikkulykker. Difor er det positivt at kommunen ønskjer å vurdere dagens avkøyringar mot fylkesvegen for å auke trafikktryggleiken. Generelt er det eit mål å kunne avgrense og om mogeleg redusere talet på avkjørsler på fylkesvegnettet. Dette krev ein medviten haldning til arealplanlegging der ein unngår å etablere nye påkoplingar til det eksisterande hovudvegnettet, og i staden søker løysingar som gjer det mogleg å sanere avkjørsler ved å leie fleire lokalveger inn mot same utkøyring.

#### Landskap og friluftsliv

Hordaland fylkeskommune er positive til at planarbeidet tar sikte på å opparbeida ein skånsam sti ved Butjønna då dette er eit mykje nytta område for nærfriluftsliv. Vi vurderer det også som positivt at kommunen planleggje å betra tilkomsten til friområde i kommunen ved at det vert lagt inn fortau der vegen er smal eller trafikkfarleg.

#### Strandsone

Fylkeskommunen vurderer det som positivt at kommunen har kartlagt funksjonell strandsone som definerer byggjegrænse langs med sjø og vassdrag, og at det ikkje er sett av nye areal til enkelståande naust. I planskildringa vert det nemnt at planen «*legg opp til utvida tilkomst til sjø/naust i fellesområde N01-7*» for å sikra vern mot ytterlegare press på strandsona i planområdet. I planføresegnene 3.1.8 står det at i område N01-N06 kan «*fortetting kan skje utan krav til regulering*» og «*tiltak på eksisterande naust kan skje utan krav til regulering*». Fylkestinget i Hordaland vedtok 3.-4. oktober 2017 *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Denne planen som har som føremål å sikra ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen inneheld mål og retningslinjer som er relevante for KDP Bø, og vi ber difor kommunen om inkludera retningsline 6.11 i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:

*«Det skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona. I eksisterande utbygde område som er planavsett til naustområde, kan det gjerast unntak frå plankravet der det ikkje kan eller skal byggast meir enn tre nye naust, dersom dei ikkje er i strid med retningslinjene elles for føremålet.»*

Vi ber også kommunen om å inkludera retningsline 6.25 i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger: «*Naustbygg skal vere maks. 40kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naustbygg skal ha ei utforming som samsvarer med bruken, større takutstikk, takvindauge, terrassar, balkongar, ark og karnapp er ikkje i samsvar med bruken. Fargebruk og materialbruk skal vere tilpassa landskapsrommet og eksisterande byggeskikk.»*

#### Barn og unges interesse

Vi finner det positivt at kommunedelplanen har føresegnar som sikrar gode uteoppholdsareal og areal egna til leik gjennom heile året og for ulike aldersgrupper. Fylkeskommunen er også positive til føresegnene om at opparbeid areal for leik- og gangsoner mellom bustader og leikeplasser vert universelt utforma. Vi vurderer det også som svært positivt at kommunen har innarbeida resultatane frå bornetråkkregistreringa i planarbeidet, men meiner at dette kunne vore tydelegare omtalt i planskildringa.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

#### **Kjente kulturminne**

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Dette gjeld mellom anna mellomalderkyrkjegarden ved Hordabø kyrkje ID 84630-2, steinalderbuplass ID 149416, skipsfunn ID 102426. Innafor planområde er det gamle tun-, veg-, nærings- og eigedomsstrukturar som framleis er

lesbare og det er fleire SEFRAK-bygg eldre enn 1900-talet. Området har høgt potensiale for funn av ukjente automatisk freda kulturminne både på land og i sjø.

Vi viser til vårt innspel til oppstartsmeldinga og planprogram dagsett 19.04.2016 der vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til.

### Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga er mangelfull når det gjeld vurdering av kulturminne og kulturmiljø for endra arealbruk i planen. Kvart einskild område, som får endra arealbruk må konsekvensutgreiast. Radøy kommune har nyleg vedtatt kulturminneplan. Vi ber difor kommunen vurdere kva verknaden kommunedelplan for Bøvågen vil ha for kommunen sin kulturminneplan.

### Planframlegg og føresegner

Vi kan ikkje sjå at kulturminneinteressene innafor planområde er tilstrekkeleg opplyst. Det er lagt ut nokre omsynssoner rundt kulturminne, men vi saknar at der er gjort vurderingar av kulturminne-interesse og kulturmiljø utover desse.

Undersøkningsplikt, jf. §9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt. Det er fleire områder i planen som er lagt ut til bustadområde, utan plankrav. Mellom anna gjeld dette B07, B08 og B09. Dette gjeld og utvikling av sentrumsområde (SE). Hordaland fylkeskommune meiner at desse områda må ha plankrav, då vi må ha moglegheit til å vurdere omsynet til automatisk freda kulturminne og andre kulturminne. Vi varslar difor motsegn til dette punktet. Dette kan løysast ved at det vert plankrav på nye byggeområder.

For å sikre handheving av undersøkningsplikt jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging (LNF-SB), massehandtering (pkt 2.10 i føresegner) og naturområde (NA).

Når det gjeld område for sentrumsfremål (SE) bør det vera plankrav for å få til ei heilskapleg utvikling som tek omsyn til kulturmiljøet Bøvågen sin historiske identitet og regionale og nasjonale kulturminneinteresser i område. Det er og knytt motsegn til dette punktet.

Siste avsnitt i pkt. 2.14 i føresegner bør endrast til å omfatte både tiltak ved eksisterande bygg og kulturmiljø.

I brev av 18.12.2017 (vedlagt) oppmodar Riksantikvaren om at kyrkjestaden får denne føresegna:

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyvet til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»*

*I plankartet er o\_K01 sett av til areal for kyrkja, med o\_G01 og o\_G02 som er sett av til gravplass/urnelund. Området o\_K01 er utvida noko slik at kyrkja skal kunne legge til rette for meir plass for besøkjande. Det er viktig at ein tar tilstrekkeleg omsyn til den mellomalderske delen av kyrkjegarden. Dersom det er behov for eit større parkeringsareal, ønskjer vi at område formast på ein slik måte at det ikkje verkar skjemma på kyrkjestaden. Eit eksempel er at det på området vert lagt armert gras slik at det ikkje visast eit stort grått felt ved kyrkja.*

*Ved ein eventuell utbygging av området B04 må det vere tett dialog mellom kulturminnestyresmaktene og kommunen om den konkrete utforminga av bustadfeltet, slik at det vert teke tilbørleg omsyn til mellomalderkyrkjestaaden.»*

For å sikre kyrka og kyrkja sine omgjevnadar bør planframlegget vise eit større grøntområde mellom gravplass/kyrkjegard og nye bustadområde (B04). Vi varslar motsegn til omfang av B04 opp mot gravplassen.

Bergen sjøfartsmuseums innspel av 04.12.2017 er vedlagt.

### **Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum**

Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune motteke 27.11.2017. Me viser også til tidligare fråsegn sendt 19.05.2016.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vi stiller oss positive til at Kulturminnelova § 9 står nemnd spesifikt i kommunedelplanen under kapittel 1.3 *Anna lovverk og forskrifter som vedkjem planlegginga*, då denne er grunnlaget for forvaltning av kulturminner under vatn. Vidare stiller vi oss bak fråsegna frå Hordaland fylkeskommune som skriv at: «Området har høg potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne både på land og i sjø».

### **Konklusjon**

Hensikta med planarbeidet er å utfase eldre reguleringsplaner, revitalisere Bø sentrum og sikre betre trafikktilhøve langs Fylkesveg 409 som går gjennom planområdet. Hordaland fylkeskommune er positive til at kommunen gjennomgår og utfasar eldre reguleringsplaner gjennom å utarbeide ein heilskapleg plan for Bø.

Planframlegget har manglar når det gjeld sikring og ivaretaking av kulturminneinteressene. Hordaland fylkeskommune tilrår motsegn til planforslaget grunna omsynet til nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Motsegn må handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

- Drøftingsmøte med kommunen
- Utsett frist for politisk handsaming av saka etter nærare avtale

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunale planar

Kjetil Bø Omarstrand  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Kjetil Bø Omarstrand, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Elisabeth Warren, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Gunnbjørg Austrheim, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdelsavdelinga

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest